

Høyringsvar – justering av gudstenesteordning frå Ørskog kyrkjelyd, Møre

Generell tilbakemelding:

Ørskog kyrkjelyd er samd i at ein i mindre grad enn hittil kan ha valfridom i dei enkelte ledda, ein kan mao. ha færre «kan» og fleire «skal» (og tilsvarande) i ordninga. Denne tilbakemeldinga står likevel tilbake for dei spesifikke tilbakemeldingane under.

Vår kyrkjelyd har valt å svare på fylgjande høyringsspm.:

Høyringstema 1

1a: For kyrkjelydskjerna var det å jobbe med utforming av hovudgudsteneste ein god ting. Det gjorde gudstenesta til «vår». Reforma førde også til eit auka, løpande arbeid med gudstenesteutval. Når det gjeld Dnk, ser vi at den store variasjonen i liturgien frå kyrkjelyd til kyrkjelyd kan vere eit negativt utslag av reforma, og kan virke framandgjerande for gjestar i ein kyrkjelyd.

1c: Det å løfte fram preika, kan vere noko å fokusere på framover. Likeeins det å stimulere til t.d. bruk av gudstenesteutval og –grupper for utforming av gudstenester.

1d: Vi ser at ein auka bruk av kvardagsmesser kan vere med på å gi eit rikare gudstenesteliv.

Høyringstema 2

Ift. utvikling av hovudgudsteneste: Med revidert og innstramma ordning for det i Dnk, bør ein kunne gå ut frå, at gudstenestene i kyrkjelydane er i samsvar med denne. Godkjenning burde derfor ikkje vere naudsynt. Biskop og prost fører sjølv sagt oppsyn med kyrkjelydane på vanleg måte, og kan påpeike avvik, der dei måtte vere.

Høyringstema 3

3c: Det passar ikkje alltid å stå under Inngangssalme og Hilsen. Dette gjeld spesielt når der ikkje er prosesjon. Nokre kyrkjelydar har også ein stor andel eldre kyrkjegjengarar. Då vil det vere mange som sit, sjølv om kyrkjelyden står. Vi foreslår derfor at ein ikkje har det å stå som eit påbod.

3d: Sjølv om ein ikkje skal gi praktisk informasjon om gudstenesta både før den startar, og under *Hilsen*, bør der uansett vere rom for ein kort intimasjon eller nokre ord om særpreg for dagen her. Dette kan lettast gjevast av tenestegjørande liturg.

3e & 3i: Vi føler at ei samlingsbøn samlar kyrkjelyden, og fører inn i syndsvedkjenninga på ein god måte, i ein sekvens som gjennom Kyrie og Gloria munnar ut i Dåp eller Ordet. Samlingsbøna gir også ein lek person medliturg-ansvar tidleg i gudstenesta, og bidreg til å gi gudstenesta eit preg av fellesskap. Vi ser ikkje at Dagens bøn har same gode funksjon i forhold til Ordet. Den framstår som meir lausriven. Vi ønskjer difor at den skal være valfri. Om ei av desse bønene skal vere valfri, ønsker vi derfor at det skal vere Dagens bøn.

Høyringstema 4

4c: Med omsyn til evangelielesinga, bør det presiserast korleis den skal skje, når evangeliet ikkje er preiketekst: Skal evangeliet då lesast som lesetekst 1 el. 2 (avhengig av kva for tekst som er preiketekst) med hallelujavers og respons, eller på vanleg plass?

4i: Bønevandring i samband med nattverd: Det å legge til rette for ei enkel bønevandring, med tenning av lys og skriving av bøner (bønekrukke) i samband med nattverden, har fungert godt i vår gudsteneste. For nokre, kanskje særskilt kyrkjeframande, kan det å reise seg å gå på bønevandring, vere eit alternativ til å gå til nattverd. Der bør difor også, vere rom for å leggje til ei bøn for bønelappane i samband med takkebøna i avslutninga av nattverden.

Høyringstema 5

Bønevandring, sjå pkt. 4i.

5a: Vår kyrkjelyd nyttar i hovudsak stående intinksjon som utdelingsmåte. Vi opplever at det senker terskelen for deltaking i nattverden. Nokre gonger, når gudstenesta sin karakter tilseier det, nyttast knefall med særkalkar.

5c: Vi legg til grunn, at forslaget opnar for, at det syngast ein salme under ofringa, også når der ikkje er nattverd. Ein egna takkoffersalme gjer at kyrkjelyden deltar i ofringa meir aktivt, og også med eiga bøn om velsigning over dei innsamla midlane.

Høyringstema 7:

Her viser vi til vår uttale under 3c.